



**Bjerkreim kommune**  
**Landbruk, miljø og teknikk**  
**Landbruksavdelinga**

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.: 2010/1425 - 32	Doknr. 32
Mottatt: 7 MAR 2011 LP/SJ	
Saksbehandler:	Ark.: 540.3
Opplysningsvesen:	Avskrift:

Landbruks- og matdepartementet

Postboks 8114 Dep.  
0032 OSLO

Vår saksbehandlar:	Dykkar ref.:	Vår ref.:	Arkiv:	Dykkar dato:	Vår dato:
Svein Olav Tengesdal		J.p. 11/1510	FE-, FA-		01.03.2011
Telefon: 51 20 1173		Sak 11/217			
E-post: svein-olav.tengesdal@bjerkreim.kommune.no					

## Høyring på forslag til endring av regelverket for mjølkekvotar

### Bakgrunn.

Bjerkreim Kommune meiner på generelt grunnlag at forslaget til endringar i forskrift om mjølkeordninga burde vore og er ei sak for avtalepartane i jordbruket, og ikkje Landbruks- og matdepartementet åleine.

Bjerkreim Kommune meiner at ved ei så omfattande revidering av forskrift om kvoteordninga for mjølk bør det opprettast ei partsamansett arbeidsgruppe som ser på konsekvensane, før ein legg forslaget fram for avtalepartane i jordbruksoppgjæret.

Mjølkeproduksjonen er bærebjelken i landbruket i Rogaland og ein svært viktig del av landbruksproduksjonen i Bjerkreim Kommune. Det er hevet over tvil at distriktslandbruket i Bjerkreim Kommune er avhengige av forutsigbare rammebetingelser og god økonomi innafor mjølkeproduksjonen.

Det er forståelig at ein ynskjer å gjera gjeldande regelverk for mjølkekvotar enklare, men ein må samtidig evne å sjå konsekvensane av dei føreslegne endringane.


### Vurdering av dei ulike forslaga til endringar:

1. Det har dei siste 10 -12 åra vore brukt store beløp og ressursar på å stimulera til fleire samdrifter i mjølkeproduksjonen, ved å etablere ulike ordningar og moglegheiter for samdriftene. Dette har ført til at tal samdrifter har auka monaleg og ulike foretak har innrettet seg i forhold til gjeldende regelverk.  
På dette området er det vår vurdering at forslaget river grunnen under det meste av dei etablerte samdriftene med mjølkekvote under 400 000 liter. Ein så lite forutsigbar politikk kan etter vårt syn ingen vera tent med. Ein vil derfor føreslå at denne endringa i regelverket ikkje vert gjort. Ein er imidlertid positiv til at enkeltmedlemmer i samdrifter gis høve til å leige mjølkekvote på lik linje med enkeltmannsføretak.
2. Bjerkreim Kommune har også vore positiv til at det er etablert eit regelverk for driveplikt av jordbruksareal, der ein krever minimum 10 års krav til jordleigeavtaler.

Dette har etter vårt syn vore eit positivt bidrag til dei bøndene som ynskjer å drive med ein lengre tidshorisont og som ønsker å investere for framtida. I forslaget til nytt regelvert for kvoteordninga fjernes dagens krav om 5 års leigeavtaler for mjølk, dette finn me underlig og lite framtidsretta i tillegg til at det sannsynlegvis også vil verka prisdrivande i vårt område. Ein ynskjer derfor at dagens system for kvoteleige vert oppretthalde.

3. Ein stiller seg også spørrende til om forslaget om å gjøre sovende kvote omsettelige ved sal eller leige utan at leveransekrav, er blitt vurdert nøye nok i høve til den auka kvotemengden dette vil medføre. Slik Bjerkreim Kommune ser det vil det være ønskelig at dagens forvaltning av leveransekravet i høve til "sovende kvoter" opprettholdes, ved at kravet om 24 månaders leveranse opprettholdes.
4. Bjerkreim Kommune er positiv til forslaget om å likestille alle kjøpara av statleg kvote.
5. I ein situasjon der fleire etablerte foretak i mjølkeproduksjonen ynskjer større mjølkekvotar, finner ein det etter vårt syn unaturlig at ein skal stimulera til at nye produsenter kan etablera seg ved kjøp av kvote i det private markedet. Ein meiner heller at til dømes eksisterande mjølkeprodusenter med relativ liten mjølkekvote, eksempelvis mellom 30 000 og 80 000 liter burde gis moglegheit til kjøp av ein andel av nyetableringskvoten. Desse føretaka har eit oppegående driftsapparat og det vil vera underlig å oppleve at til dømes naboen som er nyetablerar får kjøpe statlig mjølkekvote på "billigsal" opp til 150 000 liter.
6. Bjerkreim Kommune vil også støtte forslaget om opning for sal av deler av mjølkekvoten på landbrukseigedommen.

Med helsing



Svein Olav Tengesdal  
fagkonsulent